

Bornas verdsdag Hardanger
Kvam kulturskule, Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Hordaland Fylkeskommune

Norheimsund 20.03.16

Søknad om stønad til arrangementet Bornas verdsdag Hardanger 2015

Kort om Bornas verdsdag

Bornas Verdensdager (BVD) er Rikskonsertene og Oslo World Music Festival sitt konsept. Dei har stått for arrangementet i 15 år, og sidan 2008 har det vorte arbeidd med å spreie arrangementet rundt om i landet. (For meir informasjon om Bornas verdsdagar sentralt: www.rikskonsertene.no/bornasverdensdager.)

BVD Hardanger er det første og einaste BVD-arrangementet i Hordaland. Det vart arrangert for første gong i 2013, då med 800 besøkande, i 2014 med 1100 besøkande . Arrangementet i 2015 hadde 1200 besøkande! Arrangementet var ein suksess og vert av mange trekt fram som ein ny og viktig positiv møtestad i regionen vår.

Bornas Verdsdag er ein eindags familiefestival der publikum får møte kulturuttrykk frå mange verdshjørner, gjennom song -/ musikk- og danseverkstadar, konsertar, aktivitetar og utstillingar. Tilbodet skal vere *gratis* og opne dørene for nye publikumsgrupper, ikkje minst for minoritetsspråklege familiar i regionen. Eit viktig poeng er at tilboda skal tilpassast ulike aldersgrupper og er vere lagt opp til at born og vaksne kan gjere noko saman, rettleia av profesjonelle utøvarar. Sanseintrykk som synet av dekor eller lukt og smak frå internasjonal mat, bidreg til ei meir heilskapleg opplevinig av dei ulike kulturane.

Tanken med å ha verkstadar er at publikum skal få ein smakebit på til dømes afrikansk streetdance, dans frå Java eller rytmar frå Sri Lanka, utan krav til bakgrunnskunnskapar. Og utan å reise langt eller betale dyrt.

Ein viktig del av førarbeidet er å opprette samarbeid og samhandling på tvers av frå før etablerte relasjonar: På tvers av bakgrunn, alder, bygdelag og organisasjon. Det å skape noko saman er ein uvurderleg måte å komme kvarandre nærare på. Ein «ufarleggjer» og «personifiserer» kvarandre på ein annan måte. Det er etterkvart mange innbyggjarar i regionen med minoritetsspråkleg bakgrunn. BVD opnar opp for alle hardingar, uansett bakgrunn. Alle som kjem innom arrangementet møter noko nytt og noko kjent. Alle er på oppdagingsferd. Alle har råd til å komme innom. Arrangementet er såleis også eit viktig bidrag til integreringsarbeidet i området vårt.

Mål:

Målet er ein fargerik dag der hardangerpublikumet skal få møte noko nytt. Dei skal gjennom sansane verte betre kjende med, kanskje frå før, ukjende kulturar. Det vil også vere eit mål at dei unge besøkande skal kjenne meistringsglede ved det. Det er difor viktig med fagleg dyktige verkstadhaldarar!

Legge til rette for godt samarbeid og konstruktiv samhandling på tvers av etablerte relasjonar.

Målgruppe:

Publikum: Barnefamiljar i Hardangerregionen.

Bidragstatarar elles: Hardingar i alle aldrar.

Organisering og gjennomføring:

Kvam kulturskule står for planlegging og gjennomføring av arrangementet, men har med seg gode samarbeidspartar. Andre samarbeidspartar er: Grannehjelpa (frivilligsentralen), Røde kors si flyktingeguideteneste, vaksenopplæringa, kultur- og oppvekstetaten i kommunen, bidragstatarar innan kunst og kulturlivet, aktørar i næringslivet og ulike frivillige lag og organisasjonar.

Innhald:

Hovudvekta av arrangementet ligg på verkstaddelen – dekorprosjekt i førkant, og workshop sjølve gjennomføringsdagen. I tillegg vil det under arrangementet vere internasjonal kafé der ein kan få servert mat frå ulike kantar av verda. Det vert konsertar frå «Verdsscena» og småaktivitetar som hennamaling, teikneverkstad og ansiktsmåling.

Førarbeid:

Dekor er ein viktig del av heilskapsopplevinga publikum skal få under BVD. Grunnskuleelevar og kulturskuleelevar skal under kyndig rettleiing få i oppdrag å omforme dei elles så straumlinjeforma klasseromma på Norheimsund skule til stemningsfulle og særreigne rom som set publikum i assosiasjon med andre kulturar. Til denne utfordrande formingsoppgåva har vi ulike fagpersonar som skal vere rettleiarar.

Barnehageprosjekt: I 2013 vart det sendt ein lang teiknerull rundt frå barnehage til barnehage for også å få med dei yngste kunstnarane våre. Resultatet vart eit flott 15 meter langt kunstverk som pryda ein av dei lange korridorane på Norheimsund skule under arrangementet. I 2014 danna barnehageborn eit verdskor som song på opningskonserten under BVD. I 2015 utfordra vi barnehagane på å utforme «Hjarterommet».

Verdsscena:

Er ein stad der born og unge skal få presentere song, musikk og dans henta frå / inspirert av ulike kulturar sine uttrykk. Kulturskulelærarane vil i løpet av hausten ha som mål for sine elevar at dei kan gjere seg kjende med musikkuttrykk frå andre kantar av verda. Det same vil vi oppfordre skuleklassar, kor og korps til å gjere. I tillegg til konsertar til oppsette tider vil det verte små «pop-opp-konsertar» rundt om der publikum står i kø og oppheld seg.

Verkstadar:

Kva verkstadar ein får på plass for 2016 er enno ikkje heilt klart, målet er at dette skal vere på plass før sumaren. Men vi ynskjer nye impulsar frå dyktige utøvarar. Verkstadhaldarane ein skal bruke under BVD Hardanger vert truleg ei blanding av utøvarar frå Rikskonsertane sin verkstadbank, og utøvarar vi engasjerer lokalt. Felles for alle verkstadane er at det skal vere av høg kvalitet!

Aktivitetar:

Hennamaling
Teikneverkstad
Ansiktsmåling
Hårfletting
Drageverkstad

Internasjonal matmarknad:

Grannehjelpa skal også dette året organisere ein internasjonal matmarknad der publikum kan få kjøpe smaksprøvar av mat frå ulike kantar av verda. Ein ynskjer å få til eit matkurs / samarbeid mellom den internasjonale kvinnegruppa til Grannehjelpa og ein organisasjon som td. Øystese sanitetslag.

Samarbeid:

Grannehjelpa
Røde kors sin flyktningeeining
Oppveksteininga i Kvam herad v/ skular og barnehagar
Kulturskulenettverket i regionen
Lions Norheimsund
Kunsthuset Messen
Framnes vgs.
Folkeakademiet
Handelsstanden i Norheimsund
Ungdomsbasen
Hardanger fartøyvernssenter
Hardingpuls

Fleire er spurde
Fleire kjem stadig til.

Frivillig arbeid:

BVD er ei massemonstring av frivillige. Det er behov for mange hender i arbeidet fram mot arrangementet, under gjennomføringa og til etterarbeidet.

Kulturskulen sine tilsette og representantar frå Grannehjelpa er betalt arbeidskraft. I 2015 var omlag 550 personar i sving med alt frå dekor til matlaging, vaktald, arbeid på scena, teknikk og opp- og nedrigg. Det vert truleg noko liknande også dette året.

Organisering: Styringsgruppe for BVD 2016:

Marit Buttingsrud – koordinator – Kvam kulturskule

Anita Forselius – kunsterisk leiar – Kvam kulturskule

Rut Oppedal Rasmussen – Grannehjelpa

Sidsel Haugen – Dagleg leiar Grannehjelpa

Ein politisk vald representant for Kvam herad.

Knut Markhus – leiar for kultur og integrering i Kvam

Hamdi, Kvam vaksenopplæring

Jostein Neteland, teknisk ansvarleg, Kvam herad

Innan juni 2016 håpar vi å ha klart kven som i hovudtrekk vert med og kva oppgåver dei ser føre seg at dei kan ta på seg. I månadskiftet august / september startar ein opp med eit felles avsparkmøte der alle involverte bidragsytarar vert innbedne, og det konkrete arbeidet med dekor, klargjering av vaktlister og detaljar fell på plass.

Bornas verdsdag Hardanger 2016 vert søndag 13. november!

Sjølv om vi no står på startstreken for å gå i gang med det fjerde arrangementet i BVD-rekkja, står vi overfor eit nytt og unikt arrangement. Forma vil vere om lag som dei føregåande åra, men innhaldet vil verte heilt anleis. Dette er avhengige av kven vi får med oss på dei ulike oppgåvene og kva innspel som kjem til undervegs. Spanande arbeid!

Økonomi:

Dei to første åra har Rikskonsertene bidrege økonomisk med å dekkje nokre av utgiftene til honorar /reise/opphald for utøvarar. Frå og med 3. år trakk dei seg ut. Vi står no på egne bein, håpar de vil vere med å støtte opp om tiltaket!

Meir detaljar kring form, samarbeid og involverte: sjå rapport frå BVD 2015

Vi søker Hordaland Fylkeskommune om følgjande sum: 30 000,-

Med håp om positivt svar,

Marit Buttingsrud

- Koordinator-

Kontaktinfo: marbut@epost.kvam.no

Konto: 8580.13.77314 – 73200 – S054

Budsjett og finansieringsplan, Bornas verdsgard Hardanger 2016

Annonsering/PR/plakatar	12 000
Leige av lokaler, utstyr	10 000
Honorar til utøvarar	30 000
Materiell til dekor ol.	15 000
Reise- og opphaldsutgifter for artistar/førelasarar	10 000
Mat og drikke	6 000
Prosjektleiing, praktisk arbeid	130 000
Annet	20 000
SUM UTGIFTER	233 000

Hordaland fylkeskommune*	30 000
Sparebankstiftinga Hardanger*	20 000
Kvam herad *	20 000
SPV*	20 000
Lokalt næringsliv*	30 000
Eigenandel	113 000
SUM FINANSIERING	233 000

* omsøkt, ikkje stadfesta